



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1743 - 17/24542

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
31.08.2017

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 134/450 Hilland


Vi viser til synfaring på dykkar eigedom i dag i høve søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad og søknad om oppføring av tilbygg.

Vi har lagt til grunn at ombygging til generasjonsbustad ikkje medfører at underetasjen vert ein eigen sjølvstendig bueining då etasjane er tilgjengelig for kvarandre med open innvendig trapp. Einebustaden har då krav til 2 parkeringsplassar på eigen grunn, jf. reguleringsføresegn for Hilland Vest pkt. 2.4.1 og pkt. 2.4.2. I høve gjeldande norm for Lindås kommune, må ein også kunne snu på eigen grunn.


Det bes dokumentert at ein kan snu på eigen grunn med tanke på at dei omsøkte tiltaka er gjennomført.

På synfaring vert det observert ein oppført vinterhage utanfor inngangspartiet. Det vert gjort oppmerksom på at vinterhagen er plassert i strid med byggjegrænse, sjå kart med stipla grå linje. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrænse.

Reguleringskart med byggjegrænse



Grunnkart med vann- og avlaupsdata



Det bes opplyst om vinterhagen er tatt med i grad av utnytting. Dersom vinterhagen ikkje er tatt med , bes det om å få tilsendt ny berekning av grad av utnytting.

Det bes opplyst om vinterhagen er plassert nærerare offentleg leidningsnett enn 4 meter, sjå grunnkart med blå linje for vatn og grøn linje for avlaup. Dersom vinterhagen er plassert nærare enn 4 meter, så krev tiltaket dispensasjon frå avstandskravet.

Det orienterast om at ein eventuell framtidig søknad om oppføring av garasje, som er opplyst plassert framfor vinterhagen, vil krevje dispensasjon frå både byggjegrænse, utnyttingsgrad og evt. plassering nærare offentleg leidningsnett enn 4 meter.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 14.09.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald Normann Nilsen	Vardane 143	5911	ALVERSUND
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------